

Innspel til Langtidsplan for høgare utdanning og forskning

Møre og Romsdal fylkeskommune

Innspela frå Møre og Romsdal fylkeskommune bygger på innspel vi har hatt med våre regionale forskings- og utdanningsinstitusjonar, samt fylkeskommunen sin kunnskap om regionale behov. Overordna peikar vi på at regionale behov for forskning og utdanning må stå i fokus for å kunne nå nasjonale mål. Vi peikar på at regionale planar og strategiar bygger på regional ressursar og kompetanse, der vi har komparative fortrinn for å kunne konkurrere i nasjonale og internasjonale marknader. I tillegg har regionale planar og strategiar tatt høgde for nasjonale mål og prioriteringar. Vi vektlegg difor at det er summen av regional aktivitet som skal bidra til å nå nasjonale mål, og at det difor er viktig at forskings- og utdanningspolitikken tek høgde for dei regionale utfordringane og behova, og differensierer verkemidlane slik at dei treff godt på desse. Det er summen av det som blir skapt i regionane som utgjer den samla verdiskapinga i Norge og som bidrar til dei nasjonale måla.

1. *Hvilke endringer i samfunnet (eller i bestemte sektorer) gir behov for endringer eller forsterket innsats innenfor forskning og høyere utdanning i årene som kommer?*

Fokus på samarbeid mellom samfunns- og næringsliv og forskning og utdanning.

Høgare utdanning og forskning er grunnleggjande for all utvikling av samfunnet og dannar i stadig sterkare grad grunnlaget for framtidig verdiskaping. Vidare utvikling av velferdsstaten og behov for innovasjon og omstilling i næringslivet, er avhengig både av grunnleggjande og brukarstyrt forskning og utdanning. Utfordringane og den teknologiske utviklinga innan samfunns- og næringsliv aukar behovet for arbeidskraft som kan forstå og ta i bruk teknologi og ny kunnskap til bruk i innovasjonsprosessar, i både offentlege og private verksemder – ofte omtalt som absorpsjonsevne eller -kapasitet.

Næringslivet i Møre og Romsdal er svært eksportorientert. Oljeprisfall, nye utsleppskrav og pandemien har ramma særleg maritim sektor og reiselivet hardt. Behovet for omstilling og innovasjon er stort i denne typen næringar. Utdannings- og forskingsinstitusjonar som har godt samarbeid med arbeids- og næringsliv er difor viktigare enn nokon gong. Kunnskapsoverføringa som skjer når ein får til gode koplingar mellom forskning, utdanning og praksisfeltet, må ha fokus og vidareutviklast. Jf. vårt svar under spørsmål 6, der vi peikar på at behova for slike koplingar blir stadig sterkare. Langtidsplanen må difor vere tydeleg på behovet for samarbeid og samhandling mellom utdanning, forskning, arbeids- og næringsliv, og ha treffsikre insentivordningar som trekker i denne retninga.

Sentralisering

Befolkningsveksten i distriktskommunane er negativ. Distriktsnæringsutvalet (2020) peikar på at dette skuldast ein kombinasjon av låge fødselstal, at ungdom flyttar ut og at det er reduksjon i offentlege arbeidsplassar, medan reduksjon i næringsaktivitet forklarar ein mindre del utviklinga. Pandemien fekk størst utslag for næringslivet i byane, men opna samtidig opp for moglegheiter for å ta jobben heim, og dermed også kunne jobbe i distrikta med arbeidsplassstilkynting til byane og meir sentrale strøk. Både stor utflytting og stadig aukande krav om formalkompetanse gir utfordringar knytt til rekruttering for distriktsarbeidsplassane. Desentraliserte og nettbaserte studietilbod er difor svært viktige for distriktsarbeidsplassane. Det bør ha særleg fokus i tida framover, og ein bør utnytte

det momentum som pandemien og nye arbeidsmetodar har gitt. Fleire distriktskommunar legg til rette for kontorfellesskap og rom for samlingsbasert undervisning basert på videooverføring. Langtidsplanen må legge føringar for at universitet og høgskolar kan utnytte desse moglegheitene for tilrettelagt nettundervisning. Samstundes vert regionale universitets- og høgskolecampus viktige kunnskapsnodar som bygger sterke fagmiljø knytt til regionale føresetnader og behov.

Internasjonalisering

Norge har ambisiøse mål for å auke eksporten og etablere seg i nye marknader. Forutan evne til å utvikle dei beste produkta, krev globaliseringa nettverk og kulturforståing for å lukkast i den globale konkurransen. Regionale forskingsmiljø og breiddeuniversiteta har ulike utfordringar når det gjeld kapasitet og ressursar til å posisjonere seg og delta i internasjonale prosjekt. Å utvikle partnerskap med aktørar som ligg langt framme mot kommersialisering og patentering blir ein viktig del av den naudsynte innovasjonen og omstillinga.

For forskingsmiljøa er den internasjonale deltakinga viktig for å utvikle kvalitet og fornying av forskinga, og slik bidra til kunnskapsoverføring nasjonalt og regionalt. EU-nettverk og -plattformer er viktige arenaer å delta på for å bli invitert inn når prosjektkonsortium skal etablerast. Verkemidlar som støttar opp om slik nettverksdeltaking må vidareførast og utviklast. Ordningar som bidrar til at forskingsmiljøa kan posisjonere seg for deltaking i Europeiske program, er utløysande for deltaking og må vidareførast og styrkast.

2. Er det konkrete hindringer i det norske kunnskapssystemet som svekker måloppnåelsen for langtidsplanen, og hva kan i så fall gjøres?

Fokus på regional utvikling for å nå nasjonale mål

Det er eit uttalt mål for Regjeringa, og vel også tverrpolitisk einigheit om, at det skal vere aktivitet i heile landet. Naturressursane som er utgangspunktet for store deler av verdiskapinga er typisk nok geografisk spreidd og dannar grunnlaget for distriktsnæringane. Langtidsplanen må orientere seg mot regionale behov for utvikling for å kunne nå nasjonale mål. Grunnlaget for dette er dokumentert i planverka til fylkeskommunane gjennom kompetansestrategiar, næringsstrategiar og forskings- og innovasjonsstrategiar.

Desse planane og strategiane har teke høgde for nasjonale mål, og langtidsplanen kan difor orientere seg mot moglegheitene som regionane har peika på, og koordinere ein større del av innsatsen gjennom å gi fylkeskommunen ei tydelegare rolle som regional utviklingsaktør, også i langtidsplanen for høgare utdanning og forskning. I dagens plan er fylkeskommunane ikkje nemnt, sjølv om dei har ei koordinerande rolle mellom dei ulike verkmiddelaktørane, forskings- og utdanningsaktørane og andre statlege regionale aktørar.

KMD har i sitt oppdragsbrev til fylkeskommunane for 2021 varsla ei overføring av mobiliseringsaktiviteten i FORREGION-programmet frå Forskringsrådet til fylkeskommunane. Dette er også i tråd med Hagenutvalet (2018) sitt forslag, der forvaltninga av midlane skulle skje etter modell frå Regionale forskingsfond. Erfaringa med modellen er god, og fagleg nivå blir oppretthaldt gjennom tett samarbeid med Forskringsrådet og bruk av Forskringsrådet sine digitale system.

Fylkeskommunane har i dag ei aktiv rolle i å mobilisere arbeids- og næringsliv til å ta i bruk forskning. Både FORREGION-programmet og Regionale forskingsfond er populære ordningar både i næringslivet og i offentleg sektor, og dei bidrar til å komplementere nasjonale ordningar på område som er viktige for regionane. Ordningane mobiliserer nye og uerfarne aktørar til samarbeid med forskingsmiljøa.

Men det er behov for at ordningane blir forsterka gjennom at ein større del av dei næringsretta forskingsmidlane blir kanalisert via fylkeskommunane.

Regional mobilisering når breiare geografisk og mobiliserer bedrifter både med og utan forskningserfaring. Ved å styrke dei regionale verkemidlane for FoU vil ein styrke forskningsevna i heile landet og bidra til langsiktig kompetansebygging innanfor regionalt prioriterte område, og slik bidra til å nå nasjonale mål. Truleg vil bruken av verkemidlane bli meir målretta, ettersom fylkeskommunane er den einaste aktøren som har eit heilskapleg bilete av utfordringane i ein region, gjennom våre ansvarsområde og kontakten med aktørane i det regionale innovasjonssystemet.

Praksis i utdanningane og livslang læring

Tette og gode koplingar mellom forskings- og utdanningsmiljøa og arbeids- og næringslivet er også viktig for kontinuerleg læring. Farten i endringane innan teknologi, digitalisering, globalisering mv. medfører at kompetansepåfyll i auka grad må skje kontinuerleg. Behov for akademisk forståing i praksisfeltet er aukande, og fokus på arbeidslivsrelevans i utdanningane er difor viktig. Samarbeid mellom arbeidsliv og høgare utdanning må legges til rette for praksis i opplæringa, ikkje berre i helsefaga. Det er behov for praksis også i andre fag, som til dømes i ingeniørutdanningane.

Slikt samarbeid vil bidra til relevant utdanning og forskning, og dermed også betre utvikling av dei regionale innovasjonssystema. Tette koplingar mellom universitet og høgskolar og arbeidslivet innan grunnutdanningane gir betre innsikt i behova for etter- og vidareutdanning. Samtidig må ein sjå utdanningsnivåa i samanheng og legge opp praksisordningane slik at ein ikkje fortrenger behova for lærlingplassar i vidaregåande opplæring.

Heilskapleg utdanningsløp

Utdanningsnivået har betydning for å forstå og ta i bruk ny kunnskap og teknologi, og sjå moglegheiter i eiga verksemd. Stadig fleire yrke stiller dessutan krav om formalkompetanse. Høg utdanning bidreg til at arbeidskrafta i større grad kan skifte mellom bransjar og sektorar. Ph.d-løp i akademia og arbeidsliv aukar absorpsjonsevna og forsyner regionane med spesialisert forskingskompetanse.

Relevant fagopplæring og satsing på forskning og innovasjon i vidaregåande skole bidreg også til innovasjon og rekruttering til høgare utdanning. Langtidsplanen må difor ha fokus på heilskaplege utdanningsløp som bryt ned overgangane mellom ulike utdanningsnivå og betrar samanhengane mellom praksis og utdanning.

Høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskolane har eit meir praktisk retta innhald, og fagleg innhald er utvikla i samarbeid med næringslivet. Sjølv om talet på fagskolar er redusert, har likevel studenttala auka, noko som speglar kompetansebehova i næringslivet. Det korte studieløpet, saman med god relevans, gjer utdanningane attraktive for næringslivet. Utdanningane skal kunne takast i bruk utan vidare opplæring. Men teknologiutviklinga medfører at også fagskoleutdanningane er under press for auka spesialisering og lengre studieløp.

Strategien for høgare yrkesfagleg utdanning har gode ambisjonar for kvalitetsutvikling av fagskolane og legg til rette for kvalitativ god vekst i utdanninga. Kvalitet i utdanninga må ha prioritet, og gode system for institusjonsakkreditering er avgjerande for at fagskolane raskt skal innrette studietilboda etter kompetansebehova i arbeidslivet. Grunnfinansieringa av fagskolane er i dag utfordrande sidan det ikkje blir differensiert mellom studieløp som har kostnadskrevjande utstyr og sertifiseringskrav til bruk av utstyr, og studieløp med tradisjonell klasseromsundervisning.

Gjennom lovendringa i 2018 fekk fagskoleutdanninga endra status til høgare yrkesfagleg utdanning, og det blei innført studiepoeng som nemning for normert læretid og utbytte. Det er difor naturleg at fagskolane blir inkludert i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, og at fagskolane si rolle i utdanningsløpet kjem tydeleg fram også i langtidsplanen. Overgang frå yrkesfagleg høgare utdanning til anna høgare utdanning må gjerast enklare for alle studieområda, og ikkje berre dei tekniske faga slik som i dag, jf. også avsnittet om heilskapleg utdanningsløp over.

3. *Hva bør videreføres og hva bør endres ved målene i gjeldende langtidsplan?*

Kunnskap og verkemidlar retta mot kommersialiseringsfasen

Langtidsplanen sin satsing på næringsretta forskning er riktig, men innretninga på verkemidlane er vesentleg for å nå dei langsiktige måla. For å styrke konkurransekraft og innovasjonsevne er det nødvendig å ha både kunnskapsmiljø og verkemidlar som matcher behova i verdikjedane, heilt fram til sluttbrukar. Dagens verkemidlar har fokus på dei tidlege fasane i eit utviklingsløp, men det er behov for både forskingskunnskap og verkemidlar knytt til kommersialisering av produkt og tenester. Verkemidlar retta mot kommersialisering gir fortrinn i høve til å nå ut i globale marknader og må ha større fokus. Behov for finansiering av skaleringsprosjekt er også eit uttalt behov i næringslivet, og det må opnast opp for verkemidlar som kan bidra i denne fasen.

Innovasjon i offentleg sektor

Radikale innovasjonar i offentleg sektor er nødvendige for å møte dei store samfunnsutfordringane. Samarbeid mellom offentlege, private og sivile aktørar kan skape radikale innovasjonar. Det er sterke koplingar mellom berekraft og konkurransekraft og behova i offentleg sektor, og difor nødvendig å utnytte dette moglegheitsrommet. Mange av løysingane treng forskning og forskingsbasert kunnskap for å bli realisert. Det er få ordningar knytt til innovasjon i offentleg sektor og offentleg-privat samarbeid. Strategisk bruk av verkemidlane i Forskingsrådet, og eit tettare samarbeid om nasjonale og regionale verkemidlar, er vesentleg. Insentivordningar retta mot offentleg sektor er nødvendig for å skape rom for innovasjonssamarbeid med privat sektor.

Grunnforskning utanfor breiddeuniversiteta og relevans i forskinga

Debatten rundt strukturen i universitets- og høgskolesektoren kretsar rundt synet på at grunnforskninga må skje i sterke fagmiljø, og at ein må bygge miljø som kan drive den internasjonale kunnskapsfronten. Innovasjonar skjer ofte ut frå langsiktig grunnleggande forskning. Regionane har og behov for kapasitet og kompetanse innanfor dei områda der dei har næringsmessige konkurransefortrinn. Denne kompetansen må og vere i den internasjonale kunnskapsfronten for å sikre konkurransevna. Regionale miljø må bygge nettverk ut av regionen og internasjonalt for å vere relevante.

Fleire regionar har utarbeidd strategiar for «smart spesialisering». Desse er godt forankra i regionale behov og utfordringar. Til grunn for strategiane ligg mellom anna måla i langtidsplanen og andre nasjonale strategiar og satsingar. Relevansen til forskinga knytt til prioriteringane må vere i fokus. Prioriteringane i langtidsplanen må kunne legge til rette for kompetansebygging basert på både nasjonale og regionale behov, utan at dei to omsyna kjem i konflikt med kvarandre. Regionale og sentrale forskings- og utdanningsmiljø må utfylle kvarandre og vere spesialiserte på ulike område. Det er summen av dei regionale og nasjonale satsingane som skal bidra til måloppnåinga i langtidsplanen.

4. Hva bør videreføres og hva bør endres ved prioriteringene i gjeldende langtidspan?

Områda som er prioritert i langtidspanen er definert som område der Norge har særlege kunnskapsbehov eller konkurransefortrinn. Prioriteringane er med unntak av Hav ikkje næringssspesifikke, men speglar utfordringar knytt til behov for omstilling i offentleg og privat sektor, mogleggjerande teknologi, beredskap og sikkerheit, klima og miljø. Pandemien og dei stadige miljøkatastrofane som følgje av skogbrannar og nedbør aktualiserer desse prioriteringane. Tilnærminga med prioritering av område der vi har kunnskapsbehov, og der vi har konkurransefortrinn, er viktig og riktig. Men vi vil igjen understreke at tiltak og verkemidlar må treffe dei lokale behova for å nå dei nasjonale måla.

5. Hva slags opptrappingsplaner bør den nye langtidspanen ha, og hvordan og på hvilke områder bør de innrettes?

Infrastruktur til næringslivet

Som det største eksportfylket i landet målt etter verdiar per sysselsett, er Møre og Romsdal oppteken av at opptrappinga av forskning og utdanning må skje på område som er viktige for verdiskapinga i regionen og i Norge. Som det går fram av svara ovanfor, må satsingane vere diversifiserte og tilpassa ulike regionale behov. Nasjonale satsingar må ha fokus på område der vi i Norge kan ha komparative fortrinn for å utvikle produkt og tenester som er konkurransedyktige globalt. Satsingane knytt til havnæringane er relevante for næringsstrukturen langs heile kysten, men og for andre regionar i landet som leverer kunnskap og tenester til kystnæringane. Næringslivet både i Møre og Romsdal og langs heile vestlandskysten står overfor store utfordringar som følgje av reduksjon i olje- og gassaktiviteten og omstillinga av maritim sektor i tilknytning til pandemien.

Tematisk er satsingane riktige, men innretninga er vesentlege for om dei treff behova i næringslivet. Ei stor utfordring for forskingsmiljøet i Møre og Romsdal er å få utvikla og modernisert forskingsinfrastrukturen. Ein moderne infrastruktur, vitskapleg utstyr, laboratorium, vitskaplege databasar og samlingar, er ein føresetnad for kvalitet og effektivitet i forskinga. Små forskingsmiljø har større utfordringar med å finansiere slik infrastruktur enn større miljø med høgare basisfinansiering. Men desse miljøa er viktige for koplinga mellom forskning og næringsliv i distrikta.

For næringslivet er tilgang til tidsriktig infrastruktur, kombinert med gode forskarar, i mange høve avgjerande for utvikling og kommersialisering av nye produkt og tenester. Ein moderne infrastruktur er òg viktig for å trekke til seg forskarar utanfrå, og for at regionens forskingsmiljø står fram som ein attraktiv samarbeidspartnar for internasjonalt forskingssamarbeid, jf. t.d. laboratoria ved Nofima på Sunndalsøra som fylkeskommunen har bidratt med finansiering av. Næringslivssamarbeidet som skjer gjennom simulatorsystemet ved Campus i Ålesund er eit anna døme på verdien av felles vitskapleg utstyr og infrastruktur for auka innovasjon og vekst. Det starta som eit tilbod til maritim sektor. I dag leverer miljøet tenester både til offentleg og privat sektor og har samarbeid med FN Smart City Lab, som gir internasjonale koplingar.

FoU-intensiteten i næringslivet er aukande, og dette krev at det er tilgjengeleg ein behovstilpassa infrastruktur som gjer utvikling og testing i samarbeid mellom næring/praksis og forskning mogleg. At bedriftene må utføre mykje av laboratoriums-arbeidet og testinga andre stadar er tungvint. For å få til betre kommersialisering av forskingsresultata trengst det samarbeid og ei arbeidsdeling mellom forskning og næringsliv om den regionale forskingsinfrastrukturen. Dette vil òg medverke til at

infrastrukturen blir betre utnytta. Forskringsrådet har ei viktig rolle i å bygge opp den nasjonale forskingsinfrastrukturen. Det må leggjast til rette for at nasjonale midlar vert utløyyst når det blir utvikla gode regionale infrastrukturprosjekt, med godt innovasjonspotensial og medverknad frå næringslivet, slik døma frå Sunndalsøra og Ålesund viser. Opptrappingsplanane for oppbygging av infrastruktur må difor inkludere infrastruktur i nærleiken av næringane.

Brukarstyrt forskning

Forskning er eit av dei viktigaste verkemidla for verdiskaping og innovasjon. Ei viktig grunngeving for å investere i forskning i Norge er at ein kan sette forskinga inn i den samanhengen den skal brukast i. Nærleiken til brukarane av forskingsresultata er viktig for å identifisere relevante tema og problemstillingar for forskinga. Denne nærleiken er òg vesentleg for at den forskingsbaserte kunnskapen blir teken i bruk. Nærleik er òg viktig for å mobilisere nye bedrifter og fleire offentlege tenesteleverandørar til å investere i forskning. Ofte er det i møtet mellom den erfaringsbaserte og forskingsbaserte kunnskapen at innovasjon skjer. Langtidsplanen må legge til rette for forskning i kryssingsfeltet mellom forskning og praksis, gjennom langsiktig utvikling av fagmiljøa og gjennom alliansebygging mellom forskingsmiljø og arbeids- og næringsliv.

Utdanningsstruktur

Kunnskapsinnhaldet i nærings- og arbeidslivet i regionen er i kraftig endring. Frå å vere ressursbaserte produksjonsbedrifter blir bedriftene meir og meir leverandørar av kunnskapsbaserte tenester. Rekruttering av nok kompetanse på høgare nivå er den største utfordringa for Møre og Romsdal samla sett, og mange bedrifter i regionen slit i dag med å dekke opp sitt kunnskaps- og kompetansebehov. Om ein ikkje får dekkja behovet lokalt, kan det medføre at bedriftene må flytte strategiske og kunnskapsintensive funksjonar og oppgåver ut av regionen. Dette er problematisk når vi veit kor viktig samspelet mellom den erfaringsbaserte og den forskingsbaserte kunnskapen er for næringsklyngene i regionen. Bedriftene i våre viktigaste kunnskapsnæringar må tiltrekke seg dei mest kompetente og best motiverte unge frå fagskolane, høgskolane og universiteta.

I tillegg må bedriftene i regionen vere i stand til å hente høgkompetent arbeidskraft frå heile verda. Forsking viser at det er ein sterk samheng mellom kvar ungdommen tar utdanning og kvar dei jobbar etterpå (Gythfeldt og Heggen, 2012). Dvs. at lokaliseringa av utdanningsinstitusjonane har mykje å seie for arbeidslivet sin tilgang på høgkompetent arbeidskraft. Høgskolane i distrikta er difor ein av dei viktigaste bidragsytarane for næringslivet og det offentlege sine kunnskapsbehov. Det er avgjerande at høgskolane i regionen kan tilby utdanningar som svarar på næringslivet og offentleg sektor sine behov for praksisnær utdanning. Det må bli betre samsvar mellom kvar det blir satsa på å byggje opp forskings- og utdanningstilbod, og kvar næringslivet som etterspør utdanning og forskning er lokalisert. Det må difor leggjast eit større trykk på å opprette master- og doktorgradsutdanningar i samarbeid med næringslivet og knytt til sterke regionale næringsmiljø.

Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskolar, høgskolar og universitet blei lagt fram i juni 2021. Strategien har gode ambisjonar om å gjere utdanning ved fagskolar, høgskolar og universitet tilgjengeleg for alle. Auka tilgang av fleksible og desentraliserte utdanningstilbod er viktig for tilgangen til relevant kompetanse i distriktnæringane. Mange høgskolar gir i dag desentraliserte tilbod, og tilgangen på nettbaserte studiar er stor. Langtidsplanen reflekterer i liten grad behovet for fleksible og desentraliserte studietilbod, og det er naturleg at ambisjonane i strategien også blir følgt opp i langtidsplanen.

Samstundes er det viktig at regionale høgskolar og FoU-miljø kan spesialisere seg innanfor fagområde der dei og regionen har særlege føresetnader og behov.

6. Er det områder som kan prioriteres ned eller mulige effektiviseringstiltak som kan iverksettes for å sikre handlingsrom til prioriterte opptrappinger?

Forsknings- og utdanningsområdet må ha rammevilkår som bidrar til at fagområda utviklar seg i takt med endringane i samfunnet elles. Rammevilkår for fagfornyng og kunnskapsutvikling må generelt vere i fokus, sidan det er vanskeleg å føreseie kva kunnskapsbehov vi har i framtida. Både globalisering og teknologiutvikling medfører behov for fleirfagleg og tverrfagleg kunnskap. Rammevilkår som bidreg til fagfornyng og samarbeid på tvers av fag og profesjonar blir difor stadig viktigare. Opplæringa må organiserast meir i tråd med korleis fag og profesjonar må jobbe saman i arbeidslivet. Heller enn å sette fokus på nedprioriteringar, må ein legge til rette for og gi insentiv til tverrfagleg og fleirfagleg samarbeid innanfor dei fastsette mål og prioriteringar.

7. Hvis det skal utvikles virkemidler for samfunnsoppdrag/"missions" i Norge, hvordan bør de være innrettet, og på hvilke områder er samfunnsoppdrag særlig aktuelt?

Omstilling av både næringsliv og offentleg sektor er nødvendig for å møte samfunnsutfordringar knytt til demografisk utvikling, klima og miljøutfordringar. Omstillinga må skje på ein slik måte at ein oppfyller FN's mål innan miljø, økonomi og sosial berekraft. Samtidig må fokus vere retta mot verdiskaping i Norge og kvar Norge har kunnskap, kapasitet/ressursar eller komparative fortrinn i høve til andre land. Å utnytte kunnskapsområde der vi i dag ei leiande, til bruk innan nye område, har vi gode eksempel på har fungert. Å legge til rette for fleirfagleg og tverrfagleg samarbeid i omstillingsarbeidet, er nødvendig for ta ut slike synergjar.

Tematisk kan det peikast på mange område der det er behov for målretta satsingar. Døme på samfunnsutfordringar som vil krevje store ressursar av samfunnet framover, er vann- og avløpshandtering, sikker kraftforsyning, digital transformasjon i offentleg og privat sektor og ulike helseutfordringar. Dette er samtidig område som kan gi verdiskapingspotensial og bidra til globale løysingar på utfordringar, samtidig som det gir forretningsmoglegheiter for privat sektor. For næringslivet vil løysingar knytt til grøn skipsfart være eit openbart område der Norge og Møre og Romsdal kan spele ei viktig rolle nasjonalt og internasjonalt.

Eit anna konkret eksempel frå Møre og Romsdal er kartlegginga av stauts på FN's berekraftsindikatorar, som alle kommunar i regionen har gjennomført. Fleire regionar kjem etter. Kartlegginga avdekkjer område som må utviklast, og mange område har behov for meir forskning for å løyse utfordringane. I tillegg opnar det opp for at næringslivet kan utvikle løysingar som kan kommersialiserast og tilbydast i ein global marknad. Ein systematisk gjennomgang av kartleggingane kan vere eit utgangspunkt for å få innsikt i kva samfunnsutfordringar det er viktig at vi får løyst i Norge, og samtidig bidra til omstilling i både offentleg og privat sektor.

8. Hva er det viktigste som kan gjøres for å sikre høy tillit til forskningsbasert kunnskap i befolkningen?

Generelt er tilliten til forskning høg i Norge, men synest naturleg nok å variere med negativ omtale i media. Å ha gode system for å avdekke «juks» er difor viktig for å opprettehalde tilliten til forskning i samfunnet. Kvalitet og openheit om metode er vesentleg for tillit til forskingsresultata. Premissar som blir lagt for forskingsoppdrag må vere transparente og ikkje førande for resultatet. Utvikling av

gode system for fagfellevurderingar må ha fokus. Forskingsmiljøa sjølve har fokus på autonomi i forskinga, men også oppdragsforskning og brukarstyrt forskning må ha same høge krav til kvalitet for at forskingsresultata skal ha relevans for brukaren. Kanskje er det viktigaste for å skape tillit at befolkninga ser at forskinga kjem til nytte i offentleg og privat sektor, og at den bidreg til å skape verdiar.

9. Andre innspill.

Langtidsplanen legg rammene for utviklinga innan forskning og høgare utdanning. Mål og prioriteringar må følgjast opp gjennom konkrete tiltak og budsjett som sikrar gjennomføring av planen. Dagens plan er lite konkret med tanke på kva tiltak og område som budsjettmessig må prioriterast det einskilde år, for å sikre at dei langsiktige måla blir nådd. Mål for revisjonen må vere at langtidsplanen i større grad legg grunnlaget for faktiske investeringar i forskning og høgare utdanning. Ei utfordring knytt til dagens budsjettmodell er den fragmenterte styringsmodellen som følgjer av sektorfokus til ulike departement. Dette er ei av dei største hindringane for å kunne nå måla i langtidsplanen. Ei meir heilskapleg og koordinert tilnærming, og sterkare kopling mellom forskning, innovasjon og utdanning/kompetanse, er nødvendig for skape samanheng mellom planen og framtidig investering i forskning og høgare utdanning.